

Store flaum- og erosjonsskader i Eikeelva.

26.09.2016



Store erosjonsskader fører til skite vatn i Eikeelva.

Store vassmengder og flaum har ført til erosjon og skader i Eikedalen. Det gjeld særleg område i instre deler av Flåtene. Erosjonen i moreneryggen fører til skite vatn. UV strålinga i vassverket sitt anlegg fungerer ikkje på slik ureining. Store og omfattande tiltak vert iverksett med plastring og sikring av elva.

I denne veka går Musland Maskin inn med ein mindre maskin på Fetsida for å rydda traseen og gjera klart for sjølve anleggsarbeidet. Steg ein vert å leggja ein synleg avlastningsledning på 1200 meter frå sideelva til Englafjell og ned til vassanlegget på Sørstølen. Ledningen vil starta på Fetsida, gå over elva der gangbrua er i dag og vidare ned langs stien og elveløpet. Det er ein 4 toms plastledning med lengder på 150 meter. Kvar lengde må skøytast med sveising. Dette vert gjort for å sikra vatn i sjølve anleggstida. Dette arbeidet må vera ferdig til i midten av oktober.



Flaumskaden med rotvelte og mykje stein har ført til at elva har funne nye løp

Steg to er sjølve plastringa, både i elvebotn og langs elvekanten. Det er rikeleg med stein i elveløpet og arbeidet må gjerast for å hindra slike skader i framtida. Ein reknar med å vera ferdig før elva frys til. Til dette arbeidet vert det brukt ein større maskin.

Hans Reidar Kjærland i Uskedal Vassverk fortel at arbeidet er krevjande og det vert ett store krav til sikkerhet og tiltak for å hindra utsepp frå maskinane. 2 - 3 mann frå Musland Makin vil ha dette som sitt hovudarbeid i haust. Kostnaden er rekna til vel ein halv million kroner. I periodar kan det bli lite vatn ut på nettet. Det kan koma på tale med pålegg om å redusera vassforbruket i nokre periodar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal